

Hald hovudet kaldt sjølv om verda står i flammor

Den beste medisinen
mot hat og splitting
er samhald og sterke
fellesskap.



Er du samd med SV?



...då burde du
kanskje bli medlem →



Ei betre verd er mogleg!

Vi har alltid vorte fortalde at USA er landet der alle har høve til å lykkast og leve den ameri-kanske draumen. Men håpet om ei betre framtid er stadig fjernare for dei aller fleste ameri-kanarar i dag. Med ein galopperande auke i skilnader og polarisering, ser ein at over halvpar-ten av befolkninga lever frå den eine lønninga til den neste, samstundes som dei superrike dreg endå meir frå.

Mange kjenner på at situasjonen i verda er ganske mørk no, og det kan skape både frykt og apati. Valresultatet set det amerikanske demokratiet i spel og vil inspirere autoritære krefter verda over. Amerikanske kvinner sine rettar er i fare, og alle slags rasistar og ekstremistar vil finne inspirasjon i resultatet. Stormannsgalne milliardærar får fritt spelrom, og det inter-nasjonale samarbeidet mot klimakrisa blir kraftig svekt. Likevel må ikkje håpløysa fange oss.

Alternativet til håpløysa er håp, og alternativet til apati er handling. Vi i Noreg kan først og fremst bidra til håp og handling her heime. Vi kan mobilisere for meir rettferdig fordeling av makt og rikdom, vi kan stå på for at Noreg skal trappe opp solidariteten med palestinarar og ukrainarar, og vi kan bidra til at landet vårt blir med i ein koalisjon av statar som tek klima-kampen vidare. For høgrepolitikk kan vi også få meir av i Noreg, om meningsmålingane i haust står seg inn til stortingsvalet. Eit reint fleirtal med Høgre og Frp, med Sylvi Listhaug som statsminister, blir eit kaldare og mindre solidarisk samfunn.

Kanskje dette er dagen du skal bestemme deg for å bli med på å kjempe for forandring? Vil du bli med oss i kampen for velferdsstaten og klimaet? Då er dette ein god dag å melde seg inn i SV.

Sosialistisk Venstreparti
Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn
i SV her:**

